

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Kvamme Rasch	FA-F08	23/573

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2023	Formannskapet	PS	11.09.2023
	Kommunestyret	PS	

Utarbeiding av frivilligstrategi i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Oppsummerande rapport- Frivillighet Norge	06.09.2023
Tilskot til kommunar som vil utvikle lokal frivilligpolitikk	24.08.2023
Søknad om tilskot til arbeid med frivilligpolitikk - Masfjorden kommune	24.08.2023
Innvilga tilskot til utvikling av lokal frivilligpolitikk- Masfjorden kommune	24.08.2023
Rom for deltagelse- regjeringens kulturfrivillighetsstrategi(2023-2025)	06.09.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune utarbeider frivilligstrategi i samarbeid med rådgjevande organ og gjennom dialogmøte med frivillige.
2. Frivilligstrategien for Masfjorden kommune skal godkjennast av kommunestyret.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med etablering av frivilligsentral er det viktig å få utforma ein frivilligstrategi i Masfjorden kommune. Dette bør gjerast i samarbeid og dialog med frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Kommunen har inngått avtale med Frivillighet Norge om å bistå kommunen i utviklingsarbeidet. Masfjorden kommune har kome langt i sjølve tiltaket med å utvikle ein frivilligstrategi til kommunen. Det er utført kartlegging med rapport av innspel av behov og ynskjer frå frivillige. Masfjorden kommune i samarbeid med frivillige skal arbeide vidare med å etablere ein frivilligstrategi som til slutt skal godkjennast av kommunestyret.

Fakta

Dette er gjennomført i arbeidet med etablering av frivilligstrategi

1. Informasjonsmøte med kommuneledelsen
 2. Ein open kveldskonferanse med frivillige lag og organisasjoner der tema var:
 - Informasjon om frivillige si rolle i samarbeid med kommunen
 - Fakta om frivillig arbeid
 - Innspel frå lag og organisasjoner.
1. Utarbeida ein oppsummerande rapport som kommunen og deltarane har fått utdelt.

Frivillighet Norge oppfordrar Masfjorden kommune til å ta innspela i rapporten med vidare i arbeid med etablering av ein frivilligstrategi.

5.mai 2022 inviterte kommunen til dialogmøte med lag -og organisasjoner og Frivilligkeit Norge der tema var utarbeiding og etablering av frivilligstrategi i Masfjorden kommune.

Dei frivillige kom med innspel i dialogmøtet og Frivilligkeit Norge kartla alle innspela og laga ein oppsummerande rapport som kommunen og dei som var til stades fekk i etterkant av dialogmøtet.

Vestland fylkeskommune oppmodar kommunane i Vestland om å styrke samhandlinga med frivilligsektor og kommunane og lyste ut tilskotsmidlar til utvikling av lokal frivilligpolitikk.

Masfjorden frivilligsentral søkte i juni på tilskotsmidlane og fekk innvilga kroner 50 000.

Statlege og regionale styresmakter ynskjer å styrke satsingar for utvikling av ein kulturfrivilligheitsstrategi.

Rom for deltakelse- Regjeringas kulturfrivillighetsstrategi (2023-2025) -er den første strategien for det frivillige kulturlivet. Formålet med strategien er å løfte fram mangfaldet av kulturfrivilligheita aktivitetar og dens eigenverdi, og synleggjere kulturfrivillighetas samfunnsbidrag.

Vurdering

Ved å etablere ein frivilligstrategi for Masfjorden kommune vil det legge føringar for satsing vidare med etablering og vidareutvikling av møteplassar på tvers av kommunen og etablere eit godt samarbeid på tvers av tenesteområda i kommunen og frivillige. Planen skal legge grunnlaget for at Masfjorden kommune gjer satsingar som skal stimulere til eit aktivt lokalsamfunn kor deltaking i frivillig verksemder vert opplevd som positivt og engasjerande.

Etter innspelsmøte med dei frivillige kom det tydeleg fram av rapporten at dei frivillige ynskje eit tettare samarbeid med kommunen for å synleggjere sine behov og ynskje for vidare satsing.

Resultatet kommunen sitt igjen med etter kartlegging og dialogmøtet gjev eit godt grunnlag for å utarbeide ein frivilligstrategi som omhandla samspele mellom kommune og frivillig sektor. Frivilligstrategien blir utarbeid i samarbeid mellom kommune og representantar frå bredda av frivilligsektor. Planen skal vere kort og oversiktleg og gje større forutsigbarheit, openheit, tillit og tilgjengeleghet mellom partane . Det skal utarbeidast ein tiltaksplan som skal rullerast saman med

planen.

Konklusjon

Det skal utarbeidast eit forslag til frivilligstrategi som skal leggjast fram til godkjenning i kommunestyret i løpet av våren 2024.

Formannskapet - 073/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samråystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1. Masfjorden kommune utarbeider frivilligstrategi i samarbeid med rådgjevande organ og gjennom dialogmøte med frivillige.
2. Frivilligstrategien for Masfjorden kommune skal godkjennast av kommunestyret.